



## 2021

Oppvekstprofilen viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen, og kan brukast i planarbeidet for barn og unge og deira oppvekstmiljø. Indikatorane er valde med tanke på å fremje oppvekstmiljøet for barn og unge, og må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale tilhøve.

Utgitt av:

Folkehelseinstituttet, Postboks 222 Skøyen, 0213 Oslo.

Ansvarlig redaktør: Camilla Stoltenberg

E-post: [oppvekstprofiler@fhi.no](mailto:oppvekstprofiler@fhi.no)

Statistikken er henta frå [Kommunehelse statistikkbank](#) per mai 2021 og er basert på kommune- og fylkesinndelinga per 1.1.2020

Illustrasjon: FHI  
Nynorsk

Batch 3105211233.0806211338.3105211233.0806211337.09/06/2021 8:25

## 0 - 24 SAMARBEIDET

Oppvekstprofilane er utarbeidde i samarbeid mellom fem ulike direktorat og Folkehelseinstituttet, på oppdrag frå [0-24-samarbeidet](#).

# Sykkylven

Tema for profilane i år er trivsel, læring og gjennomføring i skulen. Temaet blir spegla i indikatorar og figurar.

Nedanfor presenterast nokre indikatorar om barn og unge i kommunen:

- Andelen 5.-klassingar som er på lågaste meistringsnivå i lesing er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. På midtsidene kan du lese meir om kva grunnleggjande ferdigheiter som lesing har å seie.
- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er plaga av einsemd, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Tala er henta frå Ungdataundersøkinga.
- Andelen som gjennomfører vidaregåande opplæring, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Klikk på indikator nummer 14 i barometeret på side 4 for å sjå korleis gjennomføringsgraden i kommunen varierer med utdanningsnivået til foreldra. Sjå også figur 5 på midtsidene for tal fordelte etter innvandrarbakgrunn.
- Kommunen skil seg ikkje signifikant frå landsnivået når det gjeld andelen barn (0-17 år) som bur i hushald med vedvarande låg inntekt. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg. I barometeret på side 4 finn du fleire indikatorar på korleis levekårstilhøva er for barn og unge i kommunen.



## Trivsel, læring og gjennomføring i skulen


Å føle seg trygg, oppleve at ein høyrer til og å trivast er grunnleggjande vilkår for ein god oppvekst. Barn brukar mykje tid i barnehagen og på skulen, noko som gjer desse til sentrale arenaar for kommunane i deira arbeid med oppvekstmiljøet for barn og unge. Barnehagen og skulen gir barn og unge kunnskap og ferdigheiter dei treng til seinare utdanning og deltaking i samfunnsliv.

Under koronapandemien har barnehagane og skulane i periodar vore stengde. Barn og unge har opplevd endring i kvardagen, med meir digital undervising og heimeskule, særleg for dei eldste barna. Med unntak av nokre indikatorar, mellom anna under temaområdet barnehage og skule, er dei fleste tala i årets oppvekstprofilar henta frå perioden før pandemien braut ut. Vi veit framleis for lite om kva konsekvensar pandemien har hatt for trivsel og læring blant barn og unge. I åra framover vil vi kunne få eit betre kunnskapsgrunnlag frå denne perioden.


### Barnehageåra

Barnehagen skal gi ein god start og bidra til barna si utvikling gjennom omsorg, lek og læring. Ein barnehage med høg kvalitet kan ha positiv påverknad på barn si språklege og sosiale utvikling, og gir på den måten høve til å danne eit godt grunnlag for skulestart og vidare utvikling. Særleg for barn frå familiar med låg sosioøkonomisk status og innvandrarakgrunn kan barnehagen ha stor betydning.

Figur 1. Andel barn som går i barnehagar som oppfyller kravet til grunnbemanning og pedagogisk bemanning, av alle barn som går i barnehagar (2020).



Figur 2. Andel ungdomsskuleelevar som oppgjer at dei heilt sikkert eller trur dei har minst ein ven dei kan stole fullstendig på og snakke fortruleg med (Ungdata).



Barnehagar som oppfyller normene for bemanning og pedagogtettleik gir gode rammer for barna si utvikling og for trygge relasjonar mellom barn og vaksne. Sjå figur 1 for andelen barn i barnehagar som oppfyller krava til bemanning. Personalet sin kompetanse til å inngå i gode relasjonar og støtte lek og læringsprosessar hos barna er vesentleg for at barn skal trivast og vere inkluderte i barnehagen.

### Trivsel, venskap og mobbing

Dei aller fleste barn og unge trivst i barnehagen og på skulen. Trivsel heng ofte saman med meistring, læring og sosial støtte.

Relasjonen mellom vaksne og barn og venskapen mellom jamaldrande er viktige faktorar for trivsel. Venskap er ei kjelde til sosial og kjenslemessig støtte, i tillegg kan gode venskap verne mot mobbing og ekskludering. Figur 2 viser andelen ungdomsskuleelevar som oppgjer at dei har ein fortruleg ven.

Ikkje alle barn og unge finn vener og opplever at dei høyrer til på skulen. Mobbing kan gi alvorlege konsekvensar for trivsel og gjennomføring i skulen. I tillegg kan det føre til psykiske vanskar, sjølvordstankar og utagerande åtferd. Figur 3 viser tal på mobbing i kommunen. På heimesidene til [Utdanningsdirektoratet](#) kan man lese meir om verkemiddel som kan styrke og fremje eit inkluderande skulemiljø. Program kan vere ei støtte i skulane sitt systematiske arbeid med mobbing, problemåtferd og psykisk helse. På [Ungsinn.no](#) finn du oversikter over verksame program.



### Tidleg innsats og tilpassa opplæring i skulen

Gjennom eit godt pedagogisk tilbod skal skulen gi elevane moglegheit til læring og utvikling uavhengig av kva føresetnader elevane har. Elevane sine tidlegare skuleprestasjonar er den faktoren som har mest å seie for om elevane fullfører og består vidaregåande opplæring. Innsats for å auke barn og unge sine grunnleggjande ferdigheiter, til dømes lesing og rekning i grunnskulen kan bidra til å betre elevane sine skuleprestasjonar. Elevar som har foreldre med høgare utdanning får i gjennomsnitt betre karakterar i grunnskulen enn elevar som har foreldre med kort utdanning. Figur 4 viser gjennomsnittleg grunnskulepoeng etter foreldra si høgaste utdanning.

Elevar som får opplæring tilpassa sine behov lærer meir, trivst betre og det er meir sannsynleg at dei fullfører skulegangen og kjem seg ut i arbeidslivet. Mange barn og unge har behov for ein tidleg, samstundes og samordna innsats frå ulike sektorar. Det er viktig å setje inn tiltak så snart ein avdekkjer at det er ei utfordring, og at elevar som ikkje har eit godt nok utbyte av det ordinære tilbodet får tilbod om spesialundervisning. Målet skal vere å gjere det meir truleg at elevane får ei god utvikling vidare.

### Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Gjennomføring av vidaregåande opplæring kvalifiserer for jobbar og vidare utdanning, og gir på den måten betre moglegheiter for at unge skal lukkast på arbeidsmarknaden og for aktiv deltaking i samfunnet. Samfunnskostnadene ved at ein 19-åring står utanfor arbeidslivet fram til fylte 62 år utgjør 15,9 millionar kroner. Gjennom tidleg innsats i barnehage og skule har kommunane høve til å bidra til at fleire unge gjennomfører vidaregåande opplæring.


Figur 5 viser andelen i kommunen som har gjennomført vidaregåande opplæring med studie- eller yrkeskompetanse fem/seks år etter at dei starta på opplæring. Figuren viser også fordeling etter innvandrarsbakgrunn. Unge innvandrarsar som kjem til Noreg seint i skuleløpet med lite eller inga utdanning frå landet dei kjem frå har ofte behov for samordna støtte frå ulike kommunale etatar.

Di betre vi som samfunn lukkast med å leggje til rette for at alle barn og unge opplever meistring og deltaking i skule og barnehage – og får utvikla potensialet sitt, di fleire vil gjennomføre utdanningsløpet og seinare kunne delta i arbeidslivet. Dette krev ei heilskapleg oppfølging der sektorane samarbeider om barn og unge og deira familiar. Å syte for at barn og unge trivst og gjennomfører skulen er viktig for ei berekraftig samfunnsutvikling.


Teksten med referansar finst på [FHI.no/Oppvekst](https://fhi.no/oppvekst).

I tillegg til indikatorane i Oppvekstbarometeret på side 4 finn du fleire indikatorar i [Kommunehelsa statistikkbank](https://kommunehelsa.statistikkbank.no).


Figur 3. Andel elevar på 7. og 10. trinn som oppgir at dei har opplevd mobbing frå andre elevar dei siste månadene, i prosent av alle som deltok i Elevundersøkinga (2018/2019-2020/2021).



Figur 4. Gjennomsnittleg grunnskulepoeng ved avslutta grunnskule på 10. trinn i kommunen, totalt og fordelt etter det høgaste utdanningsnivået til foreldra (2018-2020).



Figur 5. Andel i kommunen som har gjennomført vidaregåande opplæring, status fem/seks år etter påbyrja opplæring. Totalt og fordelt etter innvandrarsbakgrunn og kjønn (2017-2019).





## Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnanne er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelse statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▭ Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Oppvekstbarometer for Sykkylven
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	20,9	20,7	20,6	prosent	
	2 Innvand. og norskf. med innv.foreldre	18,2	14,4	19,5	prosent	
Levekår	3 Vedvarande låginntekt (hush.), 0-17 år	11	9,4	12	prosent	
	4 Bur trangt, 0-17 år	14	14	19	prosent	
	5 Barn av einslege forsørgarar	13,2	13,8	14,8	prosent	
	6 Ikkje i arbeid eller utdanning, 16-25 år	10,9	10,7	11,5	prosent (a,k)	
	7 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	5,9	4,6	4,2	prosent	
Barnehage og skule	8 Bemanning i barnehage, oppfylt	68	56	67	prosent	
	9 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	28	25	23	prosent (k)	
	10 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	23	22	23	prosent (k)	
	11 Trivst på skulen, 7. trinn	86	87	88	prosent (k)	
	12 Blir mobba på skulen, 7. trinn	3,3	5	5,9	prosent (k)	
	13 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,8	42,3	42,3	poeng (k)	
	14 Gjennomføring i vdg. opplæring	80	79	77	prosent (k)	
Fritid og nærmiljø	15 Fornøgd med lokalmiljøet, 2017	61	67	70	prosent (a,k)	
	16 Med i fritidsorganisasjon, 2017	66	64	66	prosent (a,k)	
	17 Trygt i nærmiljøet, 2017	92	89	88	prosent (a,k)	
	18 Einsemd, 2017	21	21	19	prosent (a,k)	
	19 Skjermtid over 4 timar, 2017	36	34	29	prosent (a,k)	
	20 Kan svømme, 17 år	85	89	88	prosent (k)	
Helse og helseførd	21 Fornøgd med helse, 2017	68	68	71	prosent (a,k)	
	22 Depressive symptom, 2017	16	14	13	prosent (a,k)	
	23 Psykiske sympt./lidingar, 15-24 år	151	161	163	per 1000 (a,k)	
	24 Problem med søvn, 2017	26	25	25	prosent (a,k)	
	25 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	29	26	27	prosent (k)	
	26 Overvekt og fedme, 17 år	27	25	22	prosent (k)	
	27 Reseptfrie smertestillande, 2017	18	19	17	prosent (a,k)	
	28 Alkohol, har vore berusa, 2017	14	13	12	prosent (a,k)	
	29 Har brukt cannabis, 2017	4,4	2,4	2,6	prosent (a,k)	
	30 Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	98,2	97,4	96,9	prosent	

Forklaring (tal viser til linjennummer i tabellen ovanfor):

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

\*\* = tal frå Ungdataundersøkinga mangler, les meir om [moglege årsaker](#)

1. 2021. 2. 2021, 0-17 år. 3. 2017-2019, barn som bor i husholdningar som i en treårsperiode har en gjennomsnittlig inntekt under 60 % av nasjonal median. 4. 2019, å bu trangt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden. 5. 2017-2019, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 6. 2019. 7. 2019, omfatte hjelpetiltak og omsorgstiltak. 8. 2020, barn som går i barnehagar der krava til både grunnbemanning og pedagogisk bemanning er oppfylt. 9./10. Skuleåra 2017/2018-2019/2020. 11./12. Skuleåra 2018/2019-2020/2021. 13. 2018-2020, ved avslutta grunnskule på 10. trinn. 14. 2017-2019, omfattar elevar busett i kommunen. 15. U.skule, svært eller litt fornøgd. 16. U.skule, svarer «ja, eg er med nå». 17. U.skule, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid. 18. U.skule, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 19. U.skule, dagleg utanom skulen. 20. 2019-2020, oppgir at ein kan svømme 200 meter ved nettbasert sesjon 1. 21. U.skule, svært eller litt fornøgd. 22. U.skule, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 23. 2017-2019, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 24. U.skule, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 25. 2019-2020, oppgitt ved nettbasert sesjon 1. 26. 2017-2020, KMI som svarar til over 25 kg/m2, basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 27. U.skule, bruker Paracet, Ibux eller liknande minst ein gong i veka. 28. U.skule, drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg berusa ein eller fleire gonger dei siste 12 mnd. 29. U.skule, har brukt cannabis ein eller fleire gonger dei siste 12 mnd. 30. 2016-2020. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Ungdataundersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket, primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For meir informasjon, sjå [Kommunehelse statistikkbank](#).